

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	14.04.21	15/21

**SØKNAD OM TILLEGGSJORD – ODD MAGNE ODEN***Saksdokument:*

Søknad frå Odd Magne Oden, sendt på e-post 07.09.20.

*Saksutgreiing:*

Odd M. Oden søker om å få utvist areal i Langmorkje til oppdyrkning. Han skriv m.a. i søknaden:

*På bakgrunn av at jeg ønsker å utvide driftsgrunnlaget på gården, så ser jeg på muligheter for å skaffe dyrkingsparsell i Lamgorkje. Siden jeg har beitedyr på Sjårdalssiden av fjellet og opplever at endel av disse kommer ned på almenningssiden av fjellet, så hadde det vært hensiktsmessig både med tanke på beite og transport av husdyrgjødsel/føring å ha denne i området Langmyrene, Sipplaus, Bringen.*

*Jeg legger ved kart med 3 forslag som jeg har funnet. Jeg har bare ringet inn tilgjengelig areal som har omkringliggende dyrkede områder, som kan være indikator på at arealet er dyrkbart. Arealene er bare veiledende, men etter min mening så bør det være en viss størrelse på arealet hvis det skal være verdt å ta inn maskiner for dyrking. Felles for arealene er at de ligger ved eksisterende dyrkede arealer og har kort adkomstvei til hovedvei som medfører minimale inngrep utenfor arealet som kan dyrkes. Det er også gode muligheter for å utforme dem slik at man har gjeiler og passasjer mellom dem for beitedyr/turgåere/vilt. Jeg er åpen for andre forslag, men mener selv at en av de forslagene jeg har kommet med er best med tanke på adkomst, avstander og plassering av beiteområdet som jeg har per i dag.*

*Jeg har for øyeblikket ca. 100 vinterfora sau. Jeg har et ønske og ambisjon om å utvide dette til opp mot det dobbelte evt. 10-15 mordyr av ammeku. Jeg har selv ca. 80 mål dyrket mark, derav 7 mål på seter og ca. 10 mål hamning hjemme. Jeg leier ca. 30 mål dyrket mark nede i bygda og 5 mål dyrket mark på seter. Jeg kjøper også ca. 20-30 rundballer i året for å dekke forbehovet siden jeg per i dag må beite på dyrket mark om vår/høst. Jeg har fått leid ca. 250 mål fjellbjørkskog fra 3 grunneiere i Sjårdalen som skal gjøres om til hamning. Dette er godt dyrkbart areal, men jeg ønsker ikke dyrke leid areal som jeg har kun 10 års leie på, og alle 3 gårdene står foran generasjonsskifte de neste 10-20 årene.*

Etter fjellova § 19 kan jordbrukarar med beiterett i statsallmenning – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeteite som tilleggsjord. I seteforskrifta blir utvising av tilleggsjord omhandla i kapittel 7. I § 19 står det m.a. at utvising av tilleggsjord i størst mogleg utstrekning skal skje etter planar utarbeidd for større samanhengande område, eller knytt til eksisterande seter eller tilleggsjord. Formålet med planarbeidet skal vera å finne fram til område som kan bli omdisponert til tilleggsjord, og i arbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk av jorda som til dømes skogbruk, jakt og vilt, friluftsliv, landskapsvern, og eventuelle andre omsyn. § 20 i

---

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyrene.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--------------------------------

forskrifta omhandlar utvising av tilleggsjord og saksbehandling. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog og eventuelt allmenningsstyret for fråsegn. I kommentarane til § 20 står det m.a. at utvising av tilleggsjord er ikkje ein bruksrett, og at ein jordbrukar som har allmenningsrett ikkje har krav på å få utvist tilleggsjord. Når søknad om tilleggsjord kjem inn til fjellstyret, skal fjellstyret vurdere saka opp mot dei planane som er lagde for området. Det er Statskog som tek avgjerd om inngjerding.

*Vurdering:*

Utvising av tilleggsjord på «nytt land» er svært sjeldan i dag, sist gong var i 2013 (ved Vakkertsetta). Sidan omfanget av slike søknader er sjeldan, bør ein fråvike oppfordringa i regelverket om å vurdere område for nydyrking gjennom ein planprosess. Dersom denne trenden endrar seg, og det blir eit visst omfang av slike søknader, så er det naturleg å vurdere ulike område for dyrking gjennom eit planarbeid. Søknaden frå Odd M. Oden bør difor kunne behandlast etter § 20 i seterforskrifta. Han har grunngjeve behovet for meir eige areal, sidan han leiger ein del jord og kjøper rundballar. Han har ikkje seter eller dyrkingsparsell i Langmorkje frå før. Han har sjølv skissert tre aktuelle område på kart, som ligg i nærleiken til eksisterande setrer eller dyrkingsparsellar, og i område som ein del av sauebesetninga hans beiter utover sommaren og fram til sanking.

Fjellstyret har nyleg utvist areal til ein seterbrukar ved Melingen for dyrking og beite. Dette var areal som tidlegare var utvist til dyrking, men som aldri vart dyrka opp. Ein kjenner ikkje til andre slike «ledige» uoppdyrka parsellar i dette aktuelle området som dekkjer det arealbehovet som Oden har. Eit alternativ for Oden er å vente til eventuelle eksisterande parsellar skulle bli ledige pga. frifall. Men det er stor interesse for slike ledige parsellar.

Før ein formelt set i gang ei behandling med innhenting av uttale etter reglane i forskrifta, bør det gjennomførast ei synfaring med kommunen og Statskog i dei områda som Oden har skissert på kart, samt i eventuelt andre område på «Heimfjellet» som blir vurdert som eigna for oppdyrkning utan store konfliktar med andre interesser.

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret viser til søknad frå Odd M. Oden og grunngjevinga for meir dyrka mark, og er i utgangspunktet positiv til å finne eit eigna område til han for oppdyrkning. Sidan han sjølv har foreslått fleire aktuelle område, vil fjellstyret vente med å setje i gang den formelle høyringsprosessen etter reglane i seterforskrifta til etter ei synfaring til våren/forsommaren saman med Oden, og der kommunen og Statskog er representert.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Odd M. Oden

*Kopi til:*

Statskog v/Hilde Hammer

Vågå kommune v/landbrukskontoret

Vågåmo, 14.04.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no